



SKULEKLASSE PÅ VITJING I MAKKAVIKA.



TONJER GRAFSK 52 70 00 15



LINDØY
RØYKSUND I KARMØY

Lindøy er ei halvøy som ligg på nordre delen av Fosen. Du kjem til Lindøy ved å køyre sørover frå Norheim mot Vormedal. På Vormedal ser du etter skiltet som viser deg vegen vidare mot Tuastad og Røyksund. Du kan også følgje vegen som ligg på baksida av Amanda Storsenter sørover, eller du kan køyre over Skre og ut langs Førdesfjorden. Lindøy er eit stort friområde med mangfaldige naturkvalitetar. Det best tilrettelagde, og mest nytta området ligg aust for vegen og er eit samanhengande offentleg friluftsareal, kor du kan ferdast fritt i variert natur. Her er lauvskog, granskog, lynghei, myrer og gode forhold for fiske med stong frå land. Er du interessert i å plukka bær kan du finna både blåbær, krekling og tyttebær. Mange har oppdaga dette, men her er plass nok for alle, så du slepp å gå i kø.

BADESTRENDER

PÅ LINDØY FINN DU TRE BADESTRENDER. DEN STØRSTE LIGG I MAKKAVIKA RETT NEDANFOR DET STORE KVITE HUSET, LINDØY-HUSET. VIKA NEDANFOR HUSET VERT KALLA MAKKAVIKA. HER ER EI LANGGRUNN SANDSTRAND OG GODE BADETILHØVE FOR DEI MINSTE. HEILT I SØRENDE AV VIKA ER DET SPANANDE Å VASSA OG SJÅ ETTER SMÅFISK, KRABBAR OG «BABYFLYDRER». DET FINST TO ANDRE BADESTRENDER, EI PÅ NORDAUSTSIDA (LINDØYTÅNA) OG EI PÅ SØRSIDA (STOREVIK).



“NATUR I SKULEN-PROSJEKTET”

LINDØY VERT MYKJE NYTTA TIL UNDERVISNINGSFØREMÅL. SÆRLEG OM VÅREN OG HAUSTEN HAR VI MYKJE BESØK AV SKULEKLASSAR, KURSDELTAKARAR OG ANDRE GRUPPER HER. DET ER IKKJE SÅ REINT FÅ UNGAR SOM HAR TATT SITT FØRSTE ÅRETAK I EIN SKIKKELIG FÆRING (ROBÅT) PÅ LINDØY.

FORVALTING OG INFORMASJON:
NORD-ROGALAND OG SUNNHORDLAND
FRILUFTSRÅD HAR FORVALTINGA AV LINDØY.
VI SVARER MED GLEDE PÅ SPØRSMÅL OM
OMRÅDET. TA KONTAKT PÅ
TLF. 52774830 ELLER
E-MAIL: NRSHF@ONLINE.NO.
SJÅ INNOM NETTIDENE VÅRE PÅ
WWW.NRSHF.NO



**NORD-ROGALAND OG
SUNNHORDLAND FRILUFTSRÅD**





LINDØY FRILUFTSOMRÅDE



KOR KAN EG GÅ?

Nesten heile Lindøy er offentlig friområde. Du kan ferdest fritt over alt kor det ikkje er hus eller hytter. Dei lysegrå felte på kartet viser private eigedomar. Det store kvite huset og jordet ovanfor Makkavika er også friluftsområde.

BRYGGER

OMRÅDET ER TILRETTELAGT MED BRYGGER OG FLEIRE TOALET. I STOREVIK FINN DU OFFENTLEG KAI OG GRILLPASS. HAUGESUND SEILFORENING OG RØYSUND BÅTFORENING HAR OG STORE KAIANLEGG PÅ LINDØY.

Friluftsrådet har tilbod om utleige av kanoar, robåtar og ein stor trelavvu (tretelt). Her kan skuleklassar, lag, foreningar og andre grupper koma og anten overnatte eller ha ei tilstelling på leirplassen ved lavvuen. Vår og haust vert lavvuen mykje brukt av skuleklassar både om dagen og til overnatting. Dersom du ynskjer å bruka lavvuen, kanoar eller båtane, kan du ta kontakt med Friluftsrådet slik at me kan finne ut om dei er ledige. Då vil du også få greie på prisar og vilkår. Lindøyhuset er no delvis restaurert i første høgda og kan nyttast som samlingslokale for mindre grupper.

NATURSTI

LINDØY HAR EI RIK KULTUR- OG NATURHISTORIE. NOKO AV DENNE ER PRESENTERT PÅ EIN NATURSTI MED PLAKATAR SPREDT UTOVER HEILE HALVØYA. DET ER OG LAGA EIT EIGE HEFTE OM UTVIKLINGA AV KULTURLANDSKAPET PÅ LINDØY.

PÅ NETTSIDENE VÅRE (WWW.NRSHF.NO) KAN DU FINNE YMSE OPPLEGG TILPASSA FAMILIAR OG ANDRE, NOKO SOM KAN GJERE DET MEIR INTERESSANT Å TA SEG FRAM I OMRÅDET.

FRYD OG UTFORDRINGAR